

BACHELOROPPGÅVE

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

av
kandidatnummer 500, Ole Martin Brudevoll

Bacheloroppgåve i historie

SA 523

Juni 2014



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer: 500 – Ole Martin Brudevoll

JA

NEI

Ole Martin Brudevoll

Innhald

Innleiing.....	1
Kjelder og litteratur	3
Tida fram til statleg regulering av olivinomsetnaden	5
Statsdrift i etterkrigstida til tross for politisk ueinigheit	10
Helse-utfordringar i støyperinæringa skapar moglegheiter for statsverksemda	16
Olivinsteinen vert presentert som den norske løysinga for støyperinæringa.....	18
Konklusjon.....	22
Litteratur- og kjeldeliste	24
Litteratur:	24
Kjelder henta frå diverse arkiv:	24
Aviser:	25
Stortingspublikasjonar:.....	25
Nettstadar:	26

Innleiing

Då dei siste aksjane i den statlege verksemda A/S Olivin vart seld i 2003, markerte dette slutten på 55 år med statleg utvinning av mineralet olivin på Åheim i Møre og Romsdal.¹ Ved skipinga av selskapet den 25. juni 1948 valte staten å teikne seg for heile 997 av totalt 1000 tilgjengelege aksjar.² Eg skal i denne oppgåva vise kva rolle staten hadde når det gjaldt utvinning av norsk olivinstein og korleis mineralet fekk sin innpass på marknaden.

Mineralet olivin er eit magnesium-jarnsilikat med både høg hardleiksgrad, høgt smeltepunkt³, stor eigenvekt og høgt innhald av magnesiumoksid.⁴ Dette er eigenskapar som gjer at mineralet blant anna eignar seg godt som støypesand for framstilling av metallar. Difor er støyperinæringa ein svært viktig kundegruppe for kjøp av mineralet. Sjølv om det ved skipinga av A/S Olivin også fanst kjende og interessante førekomstar i USA og Ural, var det berre dei norske som låg nær sjøen og dermed var mest tilgjengelege for marknaden.⁵ Til tross for at ein finn olivin fleire stadar i Noreg, var det berre på Nord-Vestlandet at mineralet var reint nok til å kunne nyttast i metallurgisk industri som slaggdannar og til framstilling av eldfaste produkt.⁶

Produksjonen av eldfaste produkt kan karakteriserast som ein nøkkelindustri for eit land då både jarn- og stålverk sin produksjon er avhengig av trygge leveransar.⁷ Truleg vart Statens Råstoffkomité oppretta i 1917 fordi den første verdskrigen hadde vist at slike leveransar ikkje var nokon sjølvfølgje.⁸ Råstoffkomiteen fekk til oppgåve å fremja utnyttinga av norske

¹ Nærings- og Handelsdepartementet selde 49 pst. av aksjane i mars 2001 medan North Cape Minerals kjøpte dei resterande aksjane ved forkjøpsrett i mai 2003.

«Innledende del; A/S Olivin», *St.prp. nr. 1 (2003-2004)*,

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/nfd/dok/regpubl/stprp/20032004/stprp-nr-1-2003-2004-/10/4/9.html?id=289584> Besøkt: 10.05.2014.

² Norsk Formarforbund, A/S Myrens Verksted og A/S Strømmens Værksted teikna seg for 1 aksje kvar. Dei to verksemdene sine aksjar vart derimot seinare kjøpt av staten.

Ulstein, Ragnar. *Pionertid; A/S Olivin (1948-1973)*, Ålesund, 1973: 44-45.

³ Mineralet olivin har den kjemiske formelen: $Mg,Fe)_2SiO_4$.

Olivinteinen sitt smeltepunkt er på 1760°C.

⁴ Aarøen, Magne. *Det grønne gullet; A/S Olivin i 50 år (1948-1998)*, Åheim, 1998: 26.

⁵ «Kontroll med og avgift av olivinstein», *Ot. prp. nr. 2. (1945-46)*, https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1945-46&paid=3&wid=a&psid=DIVL414&pgid=a_0015 Besøkt: 10.05.2014: 1-2.

⁶ Aarøen 1998: 27 og 30.

⁷ Statens Olivinsteinkomité. *Utredning i anledning stiftelse av A/S Olivin for å overta Statens olivininteresser frå det Industridepartementet den 10. og 27. september 1947 oppnevnte midlertidige styre*, Oslo, 1948: 9.

⁸ Ulstein 1973: 13.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

råstoff.⁹ På midten av 1920-talet tok komiteen til å forske på korleis olivinsteinen kunne nyttast kommersielt. Dette er starten på historia om korleis den norske stat gradvis skaffa seg meir kontroll over både utvinninga og omsetnaden av den norske olivinsteinen. Problemstillinga for oppgåva er som følgjande; vart det etablert eit statleg monopol på omsetnaden av norsk olivinstein som la til rette for ei utnytting av helseisikoen i støyperinæringa som eit sals-argument? Medan eg i den første delen av oppgåva skal undersøkje om eit slikt monopol vart etablert, skal eg i den andre delen vise korleis olivinsteinen vart lansert som ei løysing på dei store helse-utfordringane i støyperinæringa. I denne samanhengen definera eg eit monopol som ein «økonomisk virksomhet som staten i kraft av sin suverenitet har forbeholdt seg enerett til å drive». Intensjonen bak eit slikt monopol kan enten vere å «skaffe staten inntekt, dels et ønske om offentlig kontroll med produksjon og omsetning av visse varer, og dels at man har funnet det hensiktsmessig at enkelte oppgaver blir løst på kollektiv basis».¹⁰ Omgrepet føreset i denne samanhengen ikkje noko formelt juridisk grunnlag.

I den første delen av oppgåva kjem eg kort til å vise staten og andre aktørar sitt engasjement i produktet sin nybrottsfase på midten av 1920-talet. Deretter kjem eg til å vise korleis staten for alvor frå 1936 intensivera sitt ønskje om kontroll gjennom forslag til lovregulering. Denne utviklinga vil undervegs bli sett opp mot den generelle næringspolitikken for samtida. Eg kjem so til å vise korleis olivin-saka vart ein del av den prinsipielle debatten omkring statsdrift i etterkrigstida. Synet til opposisjonen på Stortinget og private leverandørar av olivinstein vil her stå sentralt i spørsmålet om eit monopol vart etablert og korleis ein i ettertid kan forstå motivasjonen for statsdrift på Åheim.

I den andre delen av oppgåva kjem eg til å vise korleis lungesjukdomen silikose, som særleg ramma støyperiarbeidarar, truga både rekrutteringa til yrket og sjølve produksjonen av støypegods i etterkrigstida. Deretter kjem eg til å vise korleis Statens Olivinsteinkomiteé som representant for staten sine olivininteresser og Statens Arbeidstilsyn begge lanserte bruken av olivinsteinen i støyperia som ei løysing på problemet. Som ein konsekvens av dette vart

⁹ Forvaltningsdatabasen. *Statens Råstofflaboratorium*, <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/forvaltning/enhet/2607/endringshistorie> Besøkt: 15.05.2014.

¹⁰ Store Norske Leksikon. Statsmonopol, <http://snl.no/statsmonopol> Besøkt: 22.05.2014.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

silikosefaren det store sals-argumentet for olivinsteinen i 40- og 50-åra.¹¹ Eg har nytta døme frå utlandet undervegs der eg har funne dette fruktbart for framstillinga.

Kjelder og litteratur

Oppgåva byggjar i stor grad på primærkjelder som er henta frå tilgjengelege arkiv hjå Riksarkivet. I desse arkiva har eg systematisk arbeida meg gjennom det meste som har med temaet olivin å gjere for den aktuelle tidsperioden. Ein del av kjeldene er henta frå ulike arkiv tilknytt Handelsdepartementet.¹² For den siste delen av oppgåva er store delar av kjeldematerialet funne i arkiva etter Direktoratet for arbeidstilsynet¹³ og Teknologibedriftenes Landsforening.¹⁴ I dei to sistnemnte arkiva har eg i tillegg til brev og andre skriv funne vedlagte avisartiklar som har vore relevante for temaet. Eg har i tillegg undersøkt relevante utgåver av avisa Sunnmørsposten for den andre halvdel av 1940-talet.

Relevante stortingsdokument har vore ein svært viktig kjelde for å forstå den politiske konteksten og den offentlege debatten som olivin-saka var ein del av. Dei har blitt nytta til å vise korleis staten argumenterte både for lovregulering og for etableringa av statsdrift på Åheim. Dokumenta har også vore viktige for å kartleggje motstanden mot det statlege engasjementet frå både opposisjonen på Stortinget og private leverandørar av olivinstein. Som kjelde har eg også nytta den utgreiinga som Statens Olivinsteinkomiteé utarbeida i 1948 for å betre vise utviklinga i saka over tid.¹⁵ Relevante nettstadar er nytta til å definere omgrepet «monopol» og for å samle inn faktaopplysningar omkring Statens Råstofflaboratorium og A/S Olivin.

Av faglitteratur har eg nytta Ola Svein Stugu og Berge Furre for å forankre temaet i ein breiare historisk kontekst.¹⁶ Eg har referert til Stugu for å få fram endringa i det statlege

¹¹ Ulstein 1973: 24.

¹² Arkiv: Statssekretær Drogseths arkiv – 1946-47, Statssekretæren, Statsråden. *Olivin-Industridepartementet*. Mappe 0.2. Olivin.

Arkiv: Industrikontoret, Handels- og Industridepartementet, Saksarkiv: Olivin. Korrespondanse. Boks: RA/S-1260/D/Dr/L0001.

¹³ Arkiv: Direktoratet for arbeidstilsynet. Serie: FdB – Overlegene Arne Bruusgaards og Hans H. Tjønns arkiv. *Sykdomsfremkallende innhold: Olivin, 1946-1961*.

¹⁴ Arkiv: Teknologibedriftenes Landsforening. *Formsand: Olivinsand i stål- og jernstøp, 1948-1948*. Boks: RA/PA-1700/E/L0014/0002.

¹⁵ Statens Olivinsteinkomiteé 1948.

¹⁶ Furre, Berge. *Norsk historie 1914-2000; Industrisamfunnet – frå vokstervisse til framtidstvil*, Oslo, 1999. Stugu, Ola Svein. *Norsk historie etter 1905; Vegen mot velstandslandet*, Oslo, 2012.

engasjementet frå før og etter den andre verskrigen. Etter krigen fekk staten ei meir aktiv rolle innanfor næringspolitikken enn tidlegare då det i stor grad handla om å leggje til rette for det private næringslivet. Deretter viste eg at olivin-saka i etterkrigstida passa inn i det som i ettertida har blitt omtala som ein kompensatorisk næringspolitikk. Eg har nytta Furre til å vise korleis eksportpotensialet til olivinstein vart sett på som viktig av staten i ein meir liberalisert verdsøkonomi. I tillegg har eg referert til han for å vise korleis plasseringa av verksemda på Åheim var gunstig sett ut ifrå regjeringa sitt ønskje om at heile landet skulle få ta del i moderniseringa. Av annan litteratur har eg hatt glede av dei to sogene som A/S Olivin har fått utgjeve.¹⁷ Desse tok bøkene har vore nyttige for å lære historia til verksemda samstundes som dei har gjort leitinga etter dei andre kjeldane greiare.

¹⁷ Aarøen 1998.
Ulstein 1973.

Tida fram til statleg regulering av olivinomsetnaden

Eg skal no vise korleis staten gradvis sikra seg kontroll over dei norske førekomstane av olivin. Det statlege engasjementet starta ved at professor Victor M. Goldschmidt som leiar av Statens Råstoffkomité gjennomførte forskning og utprøving av mineralet på vegne av Statens Råstofflaboratorium ved laboratoria til Geologisk Museum på tøyen i Oslo.¹⁸ I 1925 kunne laboratoriet slå fast at mineralet var brukbart til framstilling av eldfast materiale. Året etter kunne laboratoriet i tillegg konstatere at smeltepunktet for naturleg olivin (dunitt) låg eit par hundre gradar over standardkravet for slikt materiale. Med denne oppdaginga fekk mineralet fleire bruksområder innanfor støyperiindustrien. Eldfaste materialar kunne nyttast både til føring av smelteomnar for metallar, til omnar for framstilling av sement, til glødeomnar og liknande. Goldschmidt var difor raskt ute med å ta ut dei naudsynte patentar for bruken av mineralet.¹⁹ Statens Råstofflaboratorium hadde dermed gjort eit elles lite verdifullt mineral om til ein ressurs med eit kommersielt potensiale.

Det var i all hovudsak tilhengjarar av den industrielle moderniteten som dominerte det politiske landskapet rundt 1920. Dei nye industriane var i stor grad basert på moderne vitskap med nye avanserte teknologiar som i hovudsak tok i bruk importerte råstoff.²⁰ Råstofflaboratoriet fekk i 1926 i gang eit samarbeid med blant anna støyperiverksemda Borgestad Fabrikker som ønskja å nytta norsk olivinsand til å produsere eldfast stein.²¹ Dei tok då over dei patentar som Goldschmidt hadde sikra.²² Alt dette tydar på at laboratoriet var eit ledd i den statlege politikken for å leggje til rette for privat næringsverksemd basert på nasjonale ressursar.

I tillegg til eit godt patentvern trong støyperia også tilgang til førekomstar av god kvalitet. Råstofflaboratoriet oppmoda difor Borgestad Fabrikker til å sikre seg driftsrettar som låg lagleg til for sjøtransport.²³ Dermed skaffa verksemda seg tilgang til førekomstar som vart levert frå felta til private grunneigarar på Sunnmøre. Nokre av desse kontraktane vart oppsagde allereie i 1926 fordi verksemda såg dårleg lønsemd med bruk av olivin i

¹⁸ Aarøen 1998: 35.

¹⁹ Ulstein 1973: 11 og 16.

²⁰ Stugu 2012: 24-25.

²¹ Statens Olivinsteinkomité 1948: 18.

²² Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 2.

²³ Ulstein 1973: 16.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

produksjonen.²⁴ Eit visst potensiale har dei nok likevel sett i mineralet då dei i alle fall har delteke med økonomisk stønad til vidare utprøving fram til vinteren 1931-1932. Ein kan difor konstatere at medan staten og Goldschmidt hadde utgifter til forskning og patentrettar, so var det Borgestad Fabrikker som hadde utgiftene til utvinning av stein til vidare forskning og utprøving.²⁵

Den kortvarige utvinninga til Borgestad la i praksis til rette for ein større statleg aktivitet. Nokre av dei kontraktane Borgestad sa opp med grunneigarane på Sunnmøre vart tatt over av staten i 1926.²⁶ Året etter ønska Goldschmidt ei fullmakt på vegne av Handelsdepartementet til å erverve fleire rettigheter til felt både i Møre og Romsdal og i Sogn og Fjordane.²⁷ Denne fullmakta fekk han frå departementet og han sikra Råstofflaboratoriet tilgang til felt i begge dei to fylka.²⁸ På Sunnmøre vart prøvedrift i alle fall sett i gong på felta i Almklovdalen i Vanylven og i Bjørkedalen i Volda. Dette var gode felt som vart klassifiserte som «gigantiske» då dei innehaldt førekomstar større enn 5 km².²⁹ Då Råstofflaboratoriet også sikra seg driftsrett til felt i Raubergvik i Nordal, hadde laboratoriet full kontroll over dei tre felta i landet som dei meinte hadde «teknisk interesse».³⁰ Ein kan difor konstatere at Råstofflaboratoriet med fullmakt frå Handelsdepartementet hadde sikra seg råderetten over dei største førekomstane i landet.

Skal ein forstå dette statlege engasjementet er det naudsynt å sjå det opp mot dei konsesjonslovane som etter mange innvendingar vart godkjende av Høgsterett i 1918. Konsesjonslovane kan sjåast på som «ei form for statsregulering av kapitalismen», som av tilhengjarane vart sett på som ei styrking av demokratiet då folkevalde organ no skulle få meir kontroll med sterke økonomiske interesser.³¹ Goldschmidt informerte Handeldepartementet om at nasjonale førekomstar av olivin ikkje vart dekkja av lovgjevinga då han spurde om fullmakta.³² Dette kan tolkast som at Handeldepartementet gav løyve til å

²⁴ Ulstein 1973: 16.

²⁵ Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 2.

²⁶ Ulstein 1973: 16.

²⁷ Brev frå professor Goldschmidt ved Statens Raastoffkomité til Hr. Statsraad G. Robertson i Handelsdepartementet, Oslo. Datert den 8. august 1927: 3 og 6.

²⁸ Statens Olivinsteinkomité 1948: 18.

²⁹ Aarøen 1998: 30.

³⁰ Statens Olivinsteinkomité 1948: 9.

³¹ Stugu 2012: 41.

³² Brev frå professor Goldschmidt ved Statens Raastoffkomité til Hr. Statsraad G. Robertson i Handelsdepartementet, Oslo. Datert den 8. august 1927: 1.

ervert tilgangen til førekomstar nettopp fordi dei ikkje hadde andre tilfredsstillande måtar å sikre seg kontroll på. Ved ein sikker tilgang til førekomstane ville staten på ein betre måte kunne kontrollere den naturlege monopolstillinga som landet hadde.³³ Kva motiv hadde so Goldschmidt for eit slikt statleg engasjement? Han argumenterte ovanfor Handelsdepartementet både for sikker tilgang på materiale til vidare tekniske forsøk og at staten burde sikre seg ein sterk posisjon på området før andre aktørar viste større interesse. Eit viktig argument for Handelsdepartementet var nok også at dette ikkje var kostbare tiltak å setje i gang.³⁴ Denne alternative måten å sikre seg kontroll på viser den politiske haldninga tilknytt viktigheita av statleg regulering og lovverk for å verne norske interesser i samtida.

Goldschmidt gjorde vidare Handelsdepartementet klar over at eit slikt engasjement ikkje innebar at staten skulle stå for sjølv næringsdrifta.³⁵ Dette er uttrykk for ein tankegang der staten skulle stimulere industriutviklinga til det allereie etablerte private næringslivet. Fullmakta frå Handelsdepartementet førte til at Råstofflaboratoriet frå 1927 erverta rettigheter til heile 6 felt med 66 grunneigarar.³⁶ I tillegg såg Goldschmidt det som naudsynt å få i gang eit samarbeid med kapitalsterke utanlandske selskap for å sikre patentrettane også utanfor Noreg.³⁷ Dette synet fell bra saman med det ein veit om at norske industrielle aktørar i samtida stod i ein svak stilling samanlikna med dei meir industrialiserte delane av Europa. Goldschmidt fekk difor i stand ein førebels avtale med det tyske konsernet Metallbank som innebar at dei skulle overta patentrettane og mykje av salet utanlands.³⁸ Sjølv om dette samarbeidet stranda etter kort tid, fekk han i stand samarbeid med andre aktørar i Tyskland. Heller ikkje dette samarbeidet vart nokon suksess då dei som allereie var produsentar av eldfast materiale ikkje ønska å øydeleggje for sine egne produkt ved å nytta olivinstein.³⁹

³³ Ulstein 1973: 27.

³⁴ Brev frå professor Goldschmidt ved Statens Raastoffkomité til Hr. Statsraad G. Robertson i Handelsdepartementet, Oslo. Datert den 8. august 1927: 1 og 3.

³⁵ Brev frå professor Goldschmidt ved Statens Raastoffkomité til Hr. Statsraad G. Robertson i Handelsdepartementet, Oslo. Datert den 8. august 1927: 1.

³⁶ Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 3.

³⁷ Aarøen 1998: 37.

³⁸ Metallbank gjorde vidare ein avtale med eldfastprodusenten Brohltal om produksjon av eldfastprodukt. Avtalen mellom Råstofflaboratoriet og Metallbank gjekk ut på at dei skulle produsere og selje brend olivinstein til alle land bortsett frå Noreg, Sverige og Finland.

Aarøen 1998: 37.

³⁹ Ulstein 1973: 18 og 20.

I 1927 lanserte Handelsdepartementet eit forslag om ei statleg avgift på utførselen av olivinstein. Dette ville då resultere i at inntektene vart delt i ei ordning der staten fekk 50%, Goldschmidt 20% og 30% til deling mellom Borgestad og Metallbank. Dette forslaget vart ikkje godt motteke av korkje Borgestad eller Metallbank.⁴⁰ Sjølv om eit slik samarbeid vart oppfatta som naudsynt av Goldschmidt, var det tungt å få private aktørar med på laget. Det same året diskuterte Handelsdepartementet om dei skulle gå inn for ei lovregulering av området, men saka fekk liggje i ro til 1936.⁴¹ Det statlege engasjementet i olivin-saka endra seg mykje på 1930-talet. Allereie vinteren 1931-1932 trekte Borgestad og eit tysk selskap⁴² seg frå all finansiering i olivin-saka, noko som førte til at Goldschmidt overtok dei fleste patenter, arbeidet og utgiftene.⁴³ Det etablerte næringslivet var dermed ikkje lengre interesserte i å nytta olivin i produksjonen. På vegne av Råstofflaboratoriet tok dermed Goldschmidt ansvar og sette i gong meir forskingsarbeid, industrielle forsøk og sal av lisensar.⁴⁴

Året 1936 står i ettertid som eit merkeår for det statlege engasjementet i olivin-saka. Råstofflaboratoriet hadde no klart å finne nye kundar i Europa som dei kunne selje olivinstein til. Då det ikkje var før i etterkrigstida at olivinsteinen fekk sitt store gjennombrøt, må ein gå ut ifrå at det her var snakk om ein leveranse at eit mindre omfang. Då Råstofflaboratoriet på vegne av Handelsdepartementet skulle avslutte forhandlingane om leveranse i Belgia⁴⁵, fekk dei aktuelle kundane tilbod om leveranse av olivinstein til ein lågare pris frå norske private aktørar. Kven kjøparane i Belgia var er uklart då handelen gjekk føre seg gjennom sals-agentar.⁴⁶ Sjølv om det heller ikkje direkte kjem fram kven desse private aktørane var, er det mogleg at det kan dreie seg om enten to kjøpmenn frå Ålesund, ein samanslutning av ni private grunneigarar i Norddal eller private grunneigarar frå Raubergvik

⁴⁰ Aarøen 1998: 37.

⁴¹ Statens Olivinsteinkomiteé 1948: 16.

⁴² Av kjeldematerialet er det noko uklart kva slags selskap det her er snakk om, men det er tydelegvis eit anna tysk konsern enn Metallbank som la forsøksfabrikasjonen til ein fabrikk i Urmitz ved Rhinen. Seinare fekk Goldschmidt i stand ein avtale med eit anna firma ved Bad Freinwalde am Oder, som importerte stein frå Raubergvik og Bjørkedal. (Ulstein 1973: 20).

⁴³ Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 2.

⁴⁴ Dette gjaldt sal av lisensar til USA, Canada, Tyskland, Storbritannia, Belgia, Holland og Luxemburg. I tillegg vart det også forhandla med andre land.

Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 2.

⁴⁵ Forhandlingane om leveranse i Belgia skulle også vere gjeldande for Luxemburg og Holland.

⁴⁶ Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 3.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

og Bjørkedal.⁴⁷ Det interessante med denne hendinga er at den markera etableringa av ein konkurransesituasjon mellom Statens Råstofflaboratorium og private norske aktørar på leveranse av olivinstein.

Regjeringa likte den oppståtte situasjonen dårleg og frykta at den ville skade dei norske interessene på området. Frykta gjekk ut på at norske aktørar skulle konkurrere seg imellom med den konsekvens at olivinsteinen vart seld til langt under marknadspris. Den prisen som Råstofflaboratoriet forlanga i Belgia vart i utgangspunktet sett på som moderat av kundane. Regjeringa frykta no at prisen skulle bli tilnærma den same som for vanleg pukkstein.⁴⁸ Det var denne frykta for usunn priskonkurranse som førte til at spørsmålet om ei olivinlov igjen vart aktuelt i 1936. Det statlege engasjementet hadde til no gått ut på å leggje til rette for bruk av olivinstein hjå private verksemder. Skulle private aktørar no drive med utvinning av materialet, kunne ikkje det gå fritt føre seg. Ei lovgjeving måtte til for å sørgje for at dei private aktørane fekk ein god pris på salet. Elles ville det oppretta nasjonaløkonomiske potensialet raskt forvitre.

Handeldepartementet tok difor til med å utarbeide eit lovforslag. Det var føreslått innført ein kvalitetskontroll for å hindre at den steinen som vart levert på marknaden var av dårleg kvalitet. Grunnen til dette var ein frykt for at priskonkurranse skulle føre til at dei private aktørane skulle levere olivinstein av dårleg kvalitet som ville skade omdømet til produktet.⁴⁹ I tillegg til kvalitetskontrollen skulle det innførast ei avgift på utskipa stein for å presse opp prisen slik at den tilsvara den aktørane ville møte i konkurranse frå andre land.⁵⁰ Det er interessant at Handelsdepartementet føreslo at olivinsteinen som vart nytta i norske støyperi skulle kunne få ei lågare avgift enn den som vart nytta i utlandet. Dette viser korleis regjeringa ønska å leggje til rette for det norske næringslivet i samtida. Denne avgifta skulle derimot ikkje leggjast lågare enn at den dekkja dei utgiftene som kvalitetskontrollen

⁴⁷ «Tilråding frå skog- og vassdragsnemda om Statens Olivininteresser» (St. prp. nr. 5.), Innst. S. nr. 138 – 1947, https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1947&paid=6&wid=a&psid=DIVL1952&pgid=a_0274
Besøkt: 11.05.2014: 254.

Ulstein 1973: 20 og 37.

⁴⁸ Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 3-5.

⁴⁹ Statens Olivinsteinkomiteé 1948: 16.

⁵⁰ Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 5.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

medførte. Stortingsproposisjonen vart ferdig utarbeida i 1940, men vart på grunn av krigen ikkje fremja for Stortinget før i november 1945.⁵¹

Korleis utvikla so olivin-saka seg fram til krigen braut ut? Ein veit at olivin frå 1938 vart levert meir regelmessig til den norske marknaden der blant anna A/S Myrens Verkstad, Drammens Jernstøperi, Raufoss ammunisjonsfabrikker og Stavanger Staal A/S tok i mot utskipa stein frå Råstofflaboratoriet.⁵² Dei gunstige resultata frå forsøka og utprøvingane som var blitt gjennomført hadde vist at olivinstein no var moden for ei meir kommersiell satsing. Under krigen vart arbeidet med olivinstein haldt oppe av Aslak Kvalheim då Goldschmidt som var jøde levde farlegare enn andre menn i landet. Han døydde i 1947, berre 59 år gamal.⁵³ Krigen markerte difor både slutten og starten på kvar sin epoke i det statlege engasjementet i olivin-saka.

Statsdrift i etterkrigstida til tross for politisk ueinigheit

Etterkrigstida vart på mange måtar ein ny periode for Noreg. Alle dei politiske partia hadde til tross for politisk diskusjon blitt einige gjennom Fellesprogrammet om dei store linene for korleis landet skulle utviklast framover. Stikkordet var vekst og partia såg det som eit offentleg ansvar å leggje til rette for både arbeid, vekst og rettferdig fordeling. Dette var likevel ikkje berre nye tankar. Også Nygaardsvold-regjeringa hadde ønska økonomisk vekst, full sysselsetjing og sosial utjamning i 1930-åra. Det nye i etterkrigstida var derimot den nye nasjonale fellesskapskjensla og dei nye verkemidla som vart tatt i bruk for at politikken kunne realiserast.⁵⁴

I denne samanhengen markera nok forslaget om ei lovregulering ein kontinuitet frå førkrigstida. Dei tankane som vart fremja av Handeldepartementet i 1936 vart i 1945 gjennomført av Einar Gerhardsen sin første regjering. Den 30. november 1945 vedtok Stortinget lova om «Kontroll med og avgift av olivinstein», ei lov som tok til å gjelde frå 1. mars 1946.⁵⁵ Regjeringa argumenterte for at ei lovregulering var naudsynt for at det omfattande arbeidet med olivinstein skulle kome til full nytte for landet.⁵⁶ Denne

⁵¹ Statens Olivinsteinkomité 1948: 16-17.

⁵² Statens Olivinsteinkomité 1948: 19.

⁵³ Ulstein 1973: 32-34.

⁵⁴ Stugu 2012: 151 og 158.

⁵⁵ Ot. prp. nr. 2. (1945-46).

⁵⁶ Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 1.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

argumentasjonen for lovreguleringa var dermed den same som tidlegare. Kvalitetskontrollen vart innført for å hindre at dårleg stein skulle skade produktet sitt omdøme på marknaden. Som ein kompensasjon for staten sine utgifter til drifta av Råstofflaboratoriet vart det også innført ei avgift på utskipa stein.⁵⁷

Skilnaden mellom forslaget til lovregulering i 1936 og den vedtekne lova i 1945 finn ein først og fremst i endringane i det politiske regimet. Sjølv om lovreguleringa markerte ein kontinuitet til fortida, markerte politikken i samtida samstundes eit brot. Medan føremålet med lovreguleringa i 1936 var å på ein best mogleg måte leggje til rette for landet sine private næringslivsaktørar, tok regjeringa no på seg sjølv ansvar for omsetnaden av norsk olivinstein. Den 7. juni kom regjeringa med stortingsproposisjonen som inneheldt forslag om at staten skulle gå inn med aksjemajoriteten i eit selskap med namnet A/S Olivin, samstundes som delar av drifta skulle organiserast i andre selskap med sterke band til staten. Dei naudsynte midlane vart derimot ikkje løyvde av Stortinget då Skog- og Vassdragskomiteen meinte at departementet burde arbeide noko meir med saka før dei kunne gå god for løyvingane.⁵⁸ Dette vart gjort og den 3. januar 1947 vedtok Stortinget at staten sine olivininteresser skulle samordnast i eitt statselskap på Åheim i Vanylven.⁵⁹ Den 10. og 27. september det same året utpeika Industridepartementet medlemene som skulle sitje i Statens Olivinsteinkomité. Denne komiteen var eit midlertidig styre som skulle førebu etableringa av selskapet og samstundes fungere som Industridepartementet sitt rådgjevande organ fram til selskapet vart danna.⁶⁰ Den 1. oktober vart difor olivindrifta skilt ut av Råstofffondet og det vidare arbeidet med olivinsteinen vart gjennomført av Olivinsteinkomiteen.⁶¹

Det å gjenreise landet etter krigen og samstundes gjennomføre ambisiøse planar for framtida var eit kostbart prosjekt. Noreg var allereie avhengig av import frå utlandet. Både gjenreisinga og utbygginga av landet gjorde det viktig å få kontroll med både underskotet på handelsbalansen og kva som vart importert for å unngå for stor gjeld.⁶² For den norske staten vart eksportindustrien eit politisk satsingsområde for å sikre tilgangen på både

⁵⁷ Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 2.

⁵⁸ Aarøen 1998: 40-41.

⁵⁹ «Statens olivininteresser», St. Prp. Nr. 5. (1947), https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1947&paid=2&wid=a&psid=DIVL959&pgid=a_0365
Besøkt: 11.05.2014: 4.

⁶⁰ Statens Olivinsteinkomité 1948: 4 og 7.

⁶¹ Statens Olivinsteinkomité 1948: 30.

⁶² Stugu 2012: 150.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

naudsynte varer og valuta frå utlandet.⁶³ På denne måten representerte etableringa av A/S Olivin ein vidareføring av lovreguleringa frå 1945 som tok sikte på «å skaffe landet større inntekter av våre olivinforekomster».⁶⁴ I Europa var det i etterkrigstida ein stigande interesse for olivinstein, noko som i stor grad skyldast lågare fraktratar.⁶⁵ Det å satse på eksportindustri var også gunstig då verdshandelen i etterkrigstida vart meir liberalisert.⁶⁶ Ein kan dermed slå fast at den statlege kontrollen på omsetnaden av olivinstein var ein del av regjeringa sitt ønskje om å styrkje den norske eksportindustrien i etterkrigstida.

Det at Goldschmidt døyde i 1947 gjorde at Olivinsteinkomiteen på vegne av Industridepartementet fekk fullmakt til å sikre seg dei naudsynte patenter frå dødsbuet. På denne måten sikra Olivinsteinkomiteen at det ikkje skulle oppstå juridiske utfordringar som kunne øydeleggje for drifta på Åheim.⁶⁷ Etter krigen vart mykje av det materialet som tidlegare høyrde til okkupasjonsmakta organisert gjennom «Direktoratet for fiendtlig eiendom». Sidan det var staten som no hadde teke ansvaret for omsetnaden av olivinsteinen, hjalp det nok dette til at ein på Åheim stort sett fekk hente det utstyret dei ønskja frå dette direktoratet.⁶⁸ Dermed sikra det statlege engasjementet også at drifta fekk dei materielle føresetnadane som var naudsynt.

Sumaren 1948 var saka om skipinga av A/S Olivin oppe i Stortinget for endeleg handsaming.⁶⁹ Etter dette var dermed alt klart for etableringa av statsdrift på Åheim. Korleis var so A/S Olivin i forhold til andre statlege verksemder i etterkrigstida? Det er klart at selskapet i starten berre dreiv ein avgrensa aktivitet tilknytt utvinning, knusing og utskipping av olivinstein. Ein hadde difor å gjere med ei verksemd som både dreiv ein annan type aktivitet og med eit mindre omfang enn dei statlege flaggskipa i Mo i Rana, Årdal og Sunndal.⁷⁰ Det skal likevel seiast at ein likskap mellom desse stadane var at dei hadde ein låg grad av tidlegare industrialisering. Det å etablere statsdrift på Åheim passa difor godt inn i regjeringa sin planøkonomiske tankegang med blant anna eit føremål om å sikre at alle

⁶³ Furre 1999: 188.

⁶⁴ Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 1.

⁶⁵ Ulstein 1973: 34.

⁶⁶ Furre 1999: 188.

⁶⁷ Statens Olivinsteinkomiteé 1948: 14 og 16.

⁶⁸ Aarøen 1998: 39.

⁶⁹ Aarøen 1998: 42.

⁷⁰ Furre 1999: 188.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

landsdelar fekk ta del i moderniseringa og velstanden.⁷¹ Dei statlege verksemdene som vart etablert hadde også til felles at dei var aksjeselskap som skulle drivast på same måten som private selskap.⁷² Dette var då også tilfellet for A/S Olivin på Åheim.⁷³

Til tross for eit stort statleg engasjement innanfor næringspolitikken er det viktig å hugse på at sjølv om staten var i ferd med å auke eigarandelen sin i næringslivet, so var likevel dei aller fleste av verksemdene i privat eige. Sidan næringslivet bestod av både private og statlege aktørar har dette blitt omtala som ein blandingsøkonomi.⁷⁴ Dette fører oss rett inn på det som i ettertid har blitt omtala som ein kompensatorisk næringspolitikk. Ein kompensatorisk næringspolitikk vil seie at staten engasjerte seg på område av næringslivet som vart sett på som viktige ut av overordna mål, men der private av ulike årsakar ikkje ønskja å satse.⁷⁵ Dette argumentet vart nytta av fleirtalet i Skog- og Vassdragskomiteen på Stortinget då dei i 1947 gav sin innstilling til Stortinget om etableringa av A/S Olivin. Fleirtalet i komiteen argumenterte då for at korkje støyperer, verkstadar eller andre private aktørar var interesserte i å delta i skipinga av A/S Olivin.⁷⁶ Då passa den kompensatoriske næringspolitikken med sitt fokus på dei grunnleggjande og langsiktige velferdsbehova godt.⁷⁷

Det var derimot ikkje alle som delte regjeringa sin begeistring over denne politikken. Då saka om etableringa av A/S Olivin var oppe til diskusjon i Skog- og Vassdragsnemnda, ønskja mindretalet at Handeldepartementet heller skulle syte for at private aktørar tok tyngda av ansvaret i saka. Mindretalet hevda at det var avgifta og tungvinte kontrollreglar som hadde skylda for at private ikkje viste interesse for olivinsteinen.⁷⁸ Ein slik motstand på Stortinget tyder på at olivin-saka var ein del av den prinsipielle debatten omkring statsdrift i etterkrigstida. Partiet Høgre hadde hatt vanskar med å gå med på Fellesprogrammet og såg berre på streng statleg regulering og kontroll som eit kortsiktig tiltak i gjenreisningstida.⁷⁹ Denne argumentasjonen kom tydeleg fram ved spørsmålet om tilleggslyving til A/S Olivin i budsjettet for 1948/49. Her vart det sett fram kritikk frå Carl P. Wright frå Telemark og Bernt

⁷¹ Stugu 2012: 167.

⁷² Furre 1999: 188-189.

⁷³ St. Prp. Nr. 5. (1947): 4.

⁷⁴ Stugu 2012: 155-156.

⁷⁵ Stugu 2012: 155-156.

⁷⁶ Innst. S. nr. 138 – 1947: 255.

⁷⁷ Stugu 2012: 155.

⁷⁸ Innst. S. nr. 138 – 1947: 255.

⁷⁹ Stugu 2012: 151.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

Ingvaldsen frå Buskerud som begge var representantar for partiet Høgre. I tillegg kom det kritikk frå Lars S. Romundstad, som var representant frå Møre og Romsdal og hørde til Bondepartiet. Dei meinte at Handelsdepartementet ikkje hadde gjort nok for å få private aktørar engasjert i saka. Romundstad framheva at det ikkje var nokon grunn til at Stortinget skulle drive å eksperimentere på eit område der arbeidsoppgåvene var so opplagt som i denne saka.⁸⁰ Dette innlegget er interessant då det peikar på sjølve kjernen i den politiske diskusjonen. Grunnlaget for den kompensatoriske næringspolitikken var at staten skulle engasjere seg på viktige områder der private ikkje ville. Det som er interessant her er at det blant anna var fleire private grunneigarar på Sunnmøre som dreiv slik utvinning.⁸¹ Romundstad framheva dessutan at privat kapital ville nok dukke opp dersom olivindrifta var liv laga.⁸² Høgre mennene og representanten frå Bondepartiet ønska difor at ein skulle støtte det private næringslivet i staden for statsdrift. Frå deira ståstad var det ikkje grunnlag for å føre ein kompensatorisk næringspolitikk på eit område som allereie hadde private aktørar.

Denne motstanden på Stortinget er interessant i spørsmålet om det vart etablert eit statleg monopol eller ikkje. Argumentasjonen frå mindretallet som eg viste ovanfor synte eit ønske om at staten ikkje skulle engasjere seg på områder av næringslivet der private allereie var etablerte. Dette i frykt for å øydeleggje for desse private aktørane. Det eksisterte difor ein politisk motvilje på Stortinget mot at staten skulle bli ein sterk aktør på olivin-området. Fleirtalet i Skog- og Vassdragsnemnda gav derimot ved skipinga av A/S Olivin i 1947 uttrykk for eit anna syn på situasjonen. Her slår dei fast at korkje olivinlova eller forskriftene forbyr dei private føretaka å utvinne eller å selje olivinstein. Det same fleirtalet såg det også som fornuftig å opne for at private interesser kunne få moglegheita til å delta i A/S Olivin på eit seinare tidspunkt.⁸³ Dette tyder på at regjeringa ikkje hadde som føremål med skipinga av A/S Olivin å danne eit formelt monopol på omsetnaden av olivin.

Sjølv om regjeringa ikkje etablerte eit juridisk monopol på omsetnaden av olivin, kan det likevel tenkjast at det fungerte slik i praksis. For å svare på spørsmålet om det vart etablert eit statleg monopol kan det då vere interessant å undersøkje korleis konkurrentane til

⁸⁰ Ulstein 1973: 43-44.

⁸¹ Innst. S. nr. 138 – 1947: 254.

⁸² Ulstein 1973: 43-44.

⁸³ Innst. S. nr. 138 – 1947: 255.

A/S Olivin oppfatta det statlege engasjementet. Korleis vart så det statlege engasjementet oppfatta der ressursane låg? I bygdene med private uttak var mange redde for eit slikt statleg engasjement. På Sunnmøre der næringslivet i stor grad var bygd opp av lokale gründerar, klang ordet «statsdrift» dårleg. Både på Sunnmøre og i Nordfjord var det von om drift og nye arbeidsplassar dersom staten heldt seg vekke. Ved etableringa på Åheim gjekk andre bygder med drivverdige førekomstar av olivin glipp av desse arbeidsplassane. Eit døme på denne motstanden på Sunnmøre var frå Norddal kommune som var ei av dei bygdene som hadde levert olivin frå private uttak.⁸⁴ Ved diskusjonen om lovreguleringa i 1945 kom det eit innspel til departementet på vegne av 9 grunneigarar på Relling i Nordalen. Dei frykta for at staten med lova og si maktstilling elles, ville lage eit statleg monopol til skade for dei eldre private tiltaka. Det er interessant at ordet «monopol» vart nytta i denne samanhengen då det kan tyde på ei oppfatning av at det var nettopp det som vart sett i gong av regjeringa. Liknande skriv har også kome direkte til nemnda frå kjøpmann Kr. Valderhaug i Ålesund, som har drive utvinning av olivinstein frå fleire grunneigarar i Sunndalen i Vanylven.⁸⁵ Dette kan tyde på at dei konkurrentane som staten hadde på omsetnaden av olivinstein såg på det statlege engasjementet som ei etablering av eit faktisk monopol.

Det at regjeringa interesserte seg i spørsmålet om norsk utvinning av olivin viser at dei såg eit kommersielt potensiale som ikkje var blitt utnytta på ein tilfredsstillande måte. Etableringa av A/S Olivin på Åheim vart dermed eit verkemiddel for å ta dette potensialet i bruk. Dei private aktørane som var villige til å drive med utvinning av olivinstein var små og hadde berre erfaring med utvinning i eit lite omfang. Det var nok dette som førte til at regjeringa såg på utvinninga av olivin som eit område som var tilpassa næringspolitikken. Skulle ein oppnå dei ambisiøse målsettingane for landet og oppnå ein stor nasjonaløkonomisk vinst av utvinninga av olivinstein, var det ikkje nok å drive i liten skala. Regjeringa etablerte difor A/S Olivin med føremål om å både drive utvinning og å løfte fram produktet på støyperimarknaden. Då selskapet vart etablert i 1948 var det likevel også hjå dei snakk om ei utvinning av i eit lite omfang. Det neste temaet i oppgåva blir difor å vise både kvifor og korleis den norske olivinsteinen fekk eit større potensiale i den andre halvdelen av 1940-talet.

⁸⁴ Aarøen 1998: 45.

⁸⁵ Innst. S. nr. 138 – 1947: 254.

Helse-utfordringar i støyperinæringa skapar moglegheiter for statsverksemda

For eit større potensiale fekk olivinstein i den andre halvdel av 1940-talet.

Luftvegssjukdomen silikose gjorde bruken av olivinstein meir aktuell enn tidlegare innanfor støyperinæringa. Silikose er ein sjukdom som vert forårsaka av at ein pustar inn støv som inneheld kiselsyre. Dei som får denne sjukdomen vil oppleve ein redusert lungefunksjon med påfølgjande hoste- og pustevanskar. Då sjukdomen er ulækjande er den einaste løysinga å setje i gong førebyggjande tiltak.⁸⁶ Silikosen ramma særleg arbeidarar i støyperinæringa som var tilknytt framstillinga av jarn- og metall fordi det vart nytta kvartssand i produksjonen. Ifølgje Arbeidstilsynet var det totalt 1740 arbeidarar som hadde sjukdomen i 1946.⁸⁷ Året etter skreiv avisa Bergens Arbeiderblad ein artikkel om at det var fleire tilfelle av sjukdomen i to norske støyperier.⁸⁸ Det er difor klart at sjukdomen må ha hatt eit visst omfang innanfor norske støyperier i etterkrigstida.

Korleis vart so silikosefaren oppfatta i utlandet? Ein artikkel frå 1947 i avisa New York Times handlar om etableringa av «the Gugino bill» i Albany. Denne ordninga innebar at arbeidarane fekk full kompensasjon ved sjukdom eller død forårsaka av silikose eller andre støvssjukdomar, noko som av guvernøren vart omtala som svært viktig.⁸⁹ Dette kan tyde på at sjukdomen var eit problem også i USA. Det vart der sett i gong betring av det fysiske arbeidsmiljøet og innført gunstige ordningar for arbeidsgjevarane som arbeida for å redusere luftvegssjukdomar.⁹⁰ Ein kan dermed konstatere at det vart sett i gong tiltak for å redusere sjukdomen i USA. Dette vart vidare lagt merke til av Statens Olivinsteinkomiteé som omtala tiltaka på eit møte i 1947.⁹¹

Sjukdomen fekk i etterkrigstida også merksemd frå norske helsemyndigheiter. Statens Arbeidstilsyn uttrykte blant anna eit ønskje om å få i stand eit koordinert samarbeid med Mekaniske Verksteders Landsforening (M.V.L.) for å utvikle både dei tekniske og medisinske kunnskapane som var naudsynt for å eliminere sjukdomen.⁹² Dette er interessant då det viser at Arbeidstilsynet meinte at det var fullt mogleg å fjerne sjukdomsfaren frå

⁸⁶ Aarøen 1998: 31.

⁸⁷ Artikkel i Bergens Arbeiderblad, 30 okt. 1947.

⁸⁸ Artikkel i Bergens Arbeiderblad, 30 okt. 1947.

⁸⁹ Artikkel i New York Times, *Silicosis measure is signed by Dewey*, 30. mars 1947.

⁹⁰ Statens Olivinsteinkomiteé. Referat frå møte 3. april, Datert 4. april 1947.

⁹¹ Statens Olivinsteinkomiteé. Referat frå møte 3. april, Datert 4. april 1947.

⁹² Brev frå sjefinspektoratet i Statens Arbeidstilsyn til M.V.L. Datert 3. februar 1947.

støyperinæringa. Det var ikkje berre Statens Arbeidstilsyn som representant for den statlege helsemyndigheit som synte interesse for sjukdomen. Også Rikstrygdeverket dreiv ei undersøking av arbeidarar i Noreg for å få fram meir informasjon om sjukdomen.⁹³ At Rikstrygdeverket engasjerte seg i saka kan tyde på at dei meinte at silikosen medverka til ein ikkje uvesentleg del av utbetalingane. At representantar frå den offentlege helsemyndigheit engasjerte seg i saka viser dermed at dei såg på silikosen som ei vesentleg utfordring for arbeidarane sin helse.

Problem med arbeidarane sin helse får gjerne konsekvensar også for verksemdene. Sjukdomen var dermed også eit problem for den norske støyperinæringa i etterkrigstida. I 1947 ble det hevda at støyperinæringa hadde utfordringar med å rekruttere nok folk til formaryrket.⁹⁴ Året etter kunne avisa Sunnmørsposten melde om at mangelen på arbeidarar i næringa førte til at verksemdene ikkje klarte å produsere det som vart etterspurd av marknaden. Det vart i denne artikkelen argumentert for at formaryrket burde få høgare løn då ein ikkje kunne vente seg at ungdomen tok på seg formararbeid når dei kunne få like høg løn i eit meir reinsamt yrke.⁹⁵ Denne påstanden om manglande rekruttering til yrket vert også støtta av den høge gjennomsnittsalderen på 60 år for formarane.⁹⁶ Ein kan dermed konstatere at den manglande rekrutteringa som følgje av sjukdomen var ein trugsel mot sjølve produksjonen av norsk støypegods.

Desse utfordringane vart også teken på alvor innanfor støyperinæringa. Fleire støyperia hadde i etterkrigstida brukt mykje pengar på moderne hjelpemiddel og forbetra ventilasjonsanlegg. Sjølv om dette reduserte faren for silikose, so var den framleis til stades. Dei fleste støyperia i verda nytta i etterkrigstida framleis den silikoseframkallande kvartssanden i produksjonen av støypegods.⁹⁷ Eit døme på ei verksemd som tok til å tenkje annleis var selskapet A/S Drammens Jern. Dei hadde avslutta sitt samarbeid med Statens Råstofflaboratorium allereie i 1927-1928 fordi olivinsanden var dyrare enn alternativa. Det interessante her er at på denne tida var ikkje silikose i fokus. Kvartssanden sin framkalling av sjukdomen var derimot grunnen til at dei hausten 1939 på nytt gjennomførte forsøk med

⁹³ Statens Olivinsteinkomiteé. Referat får møte 3. april, Datert 4. april 1947.

⁹⁴ St. Prp. Nr. 5. (1947): 2-3.

⁹⁵ Artikkel i Sunnmørsposten. *Motorfabrikkane deler råstoff og ordrar broderleg; For lite formarar i støperia; Formarfaget bør få lønspreferanse*, 19. juni 1948 (Mikrofilm).

⁹⁶ Ulstein 1973: 24.

⁹⁷ Ulstein 1973: 24.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

bruk av olivinsand. Direktøren i selskapet opplyste då om at alle naudsynte tiltak mot silikose skulle setjast i gong uansett omkostningar.⁹⁸ Kwartssanden sin framkalling av silikose var også årsaka til at M.V.L. tok kontakt med verksemda A/S Myrens Verksted i Oslo for å forsøkje å få i stand eit samarbeid angående fjerning av sjukdomen.⁹⁹ Ein kan difor konstatere at det innanfor den norske støyperinæringa var vilje til å forsøkje å fjerne sjukdomen.

Også i Danmark var helse-utfordringane innanfor støyperinæringa eit tema. Statens Arbeidstilsyn hadde i 1948 kontakt med det danske Arbejds- og Fabriktilsynet som var interesserte i både sjukdomen og konsekvensane av ei omlegging til bruk av olivinstein. Dei ønskja dessutan å ta imot meir informasjon om saka frå Noreg når det var tilgjengeleg.¹⁰⁰ Også innanfor den danske støyperinæringa var det fokus på helse-utfordringane i den andre halvedelen av 1940-talet. Det eksisterte likevel ikkje noko semje mellom dei sentrale aktørane om korleis røynda var. Dansk Formerforbund samarbeida i 1946 med arbeidsgjevarane om eit skriv der dei tilbakeviste alle påstandane om at arbeidet var helseskadeleg.¹⁰¹ Dei hevda at få arbeidarar var vekke frå arbeidet grunna sjukdom medan eldre framleis kunne arbeide som formarar.¹⁰² Metallindustriens lærlingutvalg for formarlærlingar hevda derimot i 1948 at faget sleit med ei katastrofal rekruttering.¹⁰³ Dette passer som vi har sett betre med forholda i Noreg og problema som eksisterte i USA. Det viktige her er likevel ikkje kven som hadde rett, men at helse-utfordringane var eit aktuelt tema i samtida. Dette bringer oss direkte over på det neste temaet der eg skal sjå på korleis olivinsteinen vart fremja som ei løysinga på desse utfordringane innanfor støyperinæringa.

Olivinsteinen vert presentert som den norske løysinga for støyperinæringa

Eg viste ovanfor at vedtaket om etableringa av verksemda A/S Olivin på Åheim i 1947 var eit ledd i regjeringa sin kompensatoriske næringspolitikk. Som eg òg har vist etablerte Stortinget i praksis det som vart sett på som eit monopol av private konkurrentar. Slik utvinninga gjekk føre seg i den andre halvdelan av 1940-talet er det klart at omfanget var lite. Skulle det nasjonaløkonomiske potensialet til olivinsteinen bli tilfredsstillande utnytta var det naudsynt

⁹⁸ St. Prp. Nr. 5. (1947): 2.

⁹⁹ Brev frå M.V.L. til Herr Ingeniør J. Sissener i A/S Myrens Verksted. Datert 14. november 1945.

¹⁰⁰ Brev frå det danske arbeids- og fabriktilsynet til Statens Arbeidstilsyn. Datert 12.11.1948.

¹⁰¹ Propagandatidsskriftet «Din Fremtid», nr. 10 for 1946 : 2.

Brev frå M.V.L. til Statens Arbeidstilsyn. Datert 6. april 1948.

¹⁰² Propagandatidsskriftet «Din Fremtid», nr. 10 for 1946 : 2.

¹⁰³ Propaganda-skrift. «Nogle Betragtninger vedrørende Tilgangen på Formerlærlinge», februar 1948: 3.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

å auke både salet og omfanget av utvinninga. Eg skal no vise korleis Statens Olivinsteinkomité såg på sjukdomen silikose som ei moglegheit for å auke denne omsetnaden. Deretter skal eg vise korleis komiteen også fekk dra-hjelp til dette arbeidet av Statens Arbeidstilsyn.

Kor viktig var sjukdomen for det statlege engasjementet i saka? Statens Råstofflaboratorium kunne hausten 1940 konstatere at bruken av olivinsand ikkje framkalla silikose.¹⁰⁴ Ved lovreguleringa som vart vedteken i 1945 vart omsynet til arbeidarane sin helse sett på som eit viktig argument for at forbruket av olivin skulle auke mykje i framtida.¹⁰⁵ Dette var ikkje minst viktig då Skog- og Vassdragskomiteen utarbeida sin innstillinga tilknytt skipinga av A/S Olivin i 1947. Det vart her konstatert at det var kvartssanden sin framkalling av silikose som hadde gjeve olivinstein ein ny aktualitet. Særleg viktig var dette for potencialet til mineralet då ein visste at olivinstein alltid ville vere dyrare i bruk enn kvarts. Skog- og Vassdragsnemnda påpeika også at det var dei medisinske årsakene som la grunnlaget for at regjeringa hadde løyvd midlar til Råstofflaboratoriet sin satsing på Åheim før Olivinsteinkomiteen tok over. Denne satsinga vart gjennomført nettopp fordi fokuset på silikosen i støyperinæringa hadde skapt ein etterspurnad etter olivinstein på marknaden.¹⁰⁶ Det at den etablerte prøvedrifta til Råstofflaboratoriet ikkje lengre kunne forsyne marknaden viser kor avgjerande silikose-argumentet var for den statlege satsinga på Åheim. Dette viser at skipinga av A/S Olivin tok utgangspunkt i vona om at ein auka bevisstheit om helsefaren ved bruk av kvartssand skulle skape større interesse for olivin.¹⁰⁷

Eg skal no vise korleis Statens Olivinsteinkomité såg på sjukdomen som ei moglegheit for å auke salet og omfanget av utvinninga. At komiteen såg på silikosen som viktig for omsetnaden av olivinstein er klart då dei omtalte sjukdomen som «denne meget viktige sak». Det første dei skulle gjere var å setje seg inn i og arbeide vidare med den statistikken som M.V.L. allereie hadde samla inn for omfanget av sjukdomen. I tillegg til å arbeide med denne statistikken tok komiteen initiativ til å be M.V.L. om å samle inn nye erfaringar frå støyperia og vidaresende dei til komiteen.¹⁰⁸ Dette kan tyde på at komiteen såg det som

¹⁰⁴ Innst. S. nr. 138 – 1947: 253.

¹⁰⁵ Ot. prp. nr. 2. (1945-46): 3.

¹⁰⁶ Innst. S. nr. 138 – 1947: 252-253.

¹⁰⁷ Statens Olivinsteinkomité 1948: 35.

¹⁰⁸ Brev frå Statens Olivinsteinkomité til M.V.L. Datert 13.01.1948.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

viktig å etablere eit nært samarbeid med støyperinæringa. Sjølv om M.V.L. var innstilte på å samarbeide med komiteen, var det ikkje like enkelt å få med seg støyperia på dette samarbeidet. M.V.L. gjorde som Statens Olivinsteinkomité ønskja, men det var berre 52 av 86 verksemder som gav tilbakemelding til landsforeininga, noko som dei oppfatta som svært lite tilfredsstillande då det kunne sinke arbeidet med denne viktige saka.¹⁰⁹

Statens Olivinsteinkomité ønskja også å samarbeide med andre sentrale aktørar i støyperinæringa. Det vart planlagt å opprette kontakt med både Støperienes landsforening og Støperiteknisk Forening med tanke på å setje i gong ei opplysningsverksemd om både effektiv støvhindring og bruken av olivinsand.¹¹⁰ Arbeidet til komiteen gjekk difor ut på meir enn å berre fremja eit nytt produkt på marknaden. Dei tok samstundes initiativ til å lære opp arbeidarane i støyperinæringa med siktemål om å betre deira arbeidsmiljø. Ein slik strategisk tenking såg ein også frå Industridepartementet då dei i 1947 utpeika medlemene i komiteen. Det vart her argumentert for at det var viktig å inkludere ein representant frå Formarforbundet i komiteen fordi formarane skulle nytta olivinsanden både teknisk og sanitært.¹¹¹ På denne måten oppretta komiteen ein nærleik mellom dei som hadde ansvar for å selje olivinsteinen og dei som arbeida med den til dagleg.

Ein slik samanheng vart også ført vidare med skipinga av selskapet i 1948. Sjølv om staten var hovudeigar, teikna både Norsk Formarforbund, A/S Myrens Verksted og A/S Strømmens Værksted seg for 1 aksje kvar i selskapet.¹¹² På denne måten vart både formarane og sentrale kundar inkluderte i selskapet som skulle fremja salet og bruken av olivinsteinen. Ved å engasjere slike sentrale aktørar kan ein seie at Statens Olivinsteinkomité «spela på dei rette strengane» i næringa. Silikose-argumentet vart også nytta ovanfor utanlandske kundar. Allereie før A/S Olivin vart skipa var regjeringa klar over at utlandet ville vere ein viktig marknad då omlegginga frå kvartssand til olivinsand i Noreg var venta å ta tid.¹¹³ Derfor fekk den store helsevinsten ved bruk av olivinsand blant anna mykje omtale i ein rapport

¹⁰⁹ Eit skriv utarbeida av M.V.L. med referanse til ein sirkulærbeskrivelse datert 6. desember. Datert 23. desember 1947.

¹¹⁰ Protokoll utarbeida av Statens Olivinsteinkomité. Datert 16.01.1948.

¹¹¹ Eit notat i arkivet til statssekretær Drogseth i Industridepartementet. Datert 10.05.1947.

¹¹² Ulstein 1973: 44-45.

¹¹³ St. Prp. Nr. 5. (1947): 3.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

utarbeida av Norges eksportråd i 1948.¹¹⁴ Også etter at A/S Olivin vart skipa i 1948 vart silikose-argumentet mykje nytta då dei to tidlegare driftsleiarane Kristoffer Stenvik og Ottar Engstrøm reiste rundt i Europa for å skaffe kontraktar til selskapet.¹¹⁵ Dette engasjementet viser at silikosefaren vart olivinsteinen sitt største sals-argument i 40- og 50-åra.¹¹⁶

Som utpeika av Industridepartementet var Statens Olivinsteinkomiteé eit ledd i regjeringa sin politikk i samtida. Det var derimot også andre delar av statsapparatet som tileigna seg ei aktiv rolle tilknytt fremjinga av olivinsteinen innanfor støyperinæringa. Den 8. november 1946 gav Statens Arbeidstilsyn melding til Handelsdepartementet om at ei omlegging frå bruken av kvartssand til olivinsand i støyperia ville vere svært effektivt i forsøket på å eliminere silikosen.¹¹⁷ I tillegg til å gje Handelsdepartementet faglege råd har dei også hatt ei meir aktiv rolle for å fremja denne omlegginga. Eg viste ovanfor at Statens Arbeidstilsyn ønskja eit samarbeid med M.V.L. for å betre dei tekniske og medisinske kunnskapane som skulle til for å eliminere sjukdomen. Det å skaffe seg eit sikkert kunnskapsgrunnlag var i seg sjølv viktig med tanke på å overtyde ulike aktørar omkring sjukdomen. For ei slik overtyding dreiv Arbeidstilsynet med då dei 1948 kontakta verksemda Stavanger Electro-Staalverk A/S for å formidle dei gunstige eigenskapane som olivinsteinen hadde for sjølve produksjonen av støypegods. Arbeidstilsynet hevda her at dersom støyperia nytta olivinsand i produksjonen so trengte verksemdene å gjennomføre mindre pussearbeid enn ved bruk av kvartssand. Dei omtala resultata som «iøyenfallende» og «En har funnet å burde gjøre Dem kjent med dette», samstundes som dei i brevet la ved nokre bilete for å vise resultatet.¹¹⁸ Dette viser at Statens Arbeidstilsyn i tillegg til å kome med faglege innspel til Handelsdepartementet også aktivt fremja bruken av eit produkt som Stortinget i praksis hadde etablert eit monopol på å levere. Dette kan tyde på at staten i denne saka har hatt ei interessant dobbeltrolle då dei både stod bak etableringa av statsdrift og samstundes gjennom rolla som ansvarleg helsemyndigheit aktivt fremja salet av olivinsteinen på bakgrunn av utfordringane innanfor støyperinæringa.

¹¹⁴ Rapport utarbeida av Norges eksportråd. *Norway produces olivine for use in steel and iron foundries, etc*, 3. november 1948. 1-2.

¹¹⁵ Ulstein 1973: 51.

¹¹⁶ Ulstein 1973: 24.

¹¹⁷ Innst. S. nr. 138 – 1947: 253.

¹¹⁸ Brev frå Sjefinspektoratet for arbeidstilsynet til Stavanger Electro-Staalverk A/S. Datert 12. mars 1948.

Konklusjon

Problemstillinga for oppgåva har vore som følgjande; vart det etablert eit statleg monopol på omsetnaden av norsk olivinstein som la til rette for ei utnytting av helseisikoen i støyperinæringa som eit sals-argument? I den første delen av oppgåva viste eg korleis den norske stat gradvis tok kontroll over omsetnaden av olivinstein. Dette arbeidet starta på midten av 1920-talet då professor Goldschmidt på vegne av Statens Råstofflaboratorium oppdaga olivinsteinens sitt kommersielle potensiale. Føremålet med arbeidet til Råstofflaboratoriet var å leggje til rette for at det private næringslivet skulle kunne ta i bruk nasjonale råstoff i produksjonen. Då mineralet ikkje var omfatta av dei gjeldande konsesjonslovene, gav Handelsdepartementet professor Goldschmidt fullmakt til å erverve rettigheter til uttak av førekomstar for å sikre ein større statleg kontroll over mineralet.

Året 1936 vart eit merkeår for det statlege engasjementet i olivin-saka. Regjeringa frykta at norske leverandørar skulle drive ein innbyrdes konkurranse slik at prisen vart unødvendig låg. For å sikre at det nasjonaløkonomiske potensialet til mineralet ikkje skulle forvitte, vart arbeidet med ei lovregulering av området sett i gong. På grunn av den andre verdskrigen vart proposisjonen ikkje fremja for Stortinget før etter freden i 1945. Medan lovreguleringa representerte ein kontinuitet tilbake til 1936, markerte endringa innanfor politikken eit brot. Staten skulle ikkje lengre avgrense seg til å leggje til rette for private næringslivsaktørar. I etterkrigstida vart staten langt meir aktiv enn tidlegare og brukte nye verkemidlar for å gjennomføre politikken. Eit av desse verkemidla var vedtaket i Stortinget frå 1947 om å etablere statsdrift på Åheim.

Olivin-saka vart ein del av den prinsipielle debatten omkring statsdrift i etterkrigstida med tilhøyrande motstand frå opposisjonen. Noko formelt juridisk monopol på omsetnaden av norsk olivin vart det ikkje oppretta av staten då korkje lovregulering, forskrifter eller statsdrift hindra private aktørar i å drive ei kommersiell utvinning av mineralet. Eg viste at fleire grunneigarar på Sunnmøre likevel oppfatta det statlege engasjementet som ei etablering av eit slikt monopol. Det er difor grunnlag for å hevde at staten på grunn av sin sterke stilling i saka i praksis skaffa seg eit monopol på omsetnaden av norsk olivin.

Eg har funne ut at regjeringa interesserte seg i omsetnaden av norsk olivinstein fordi dei såg eit kommersielt potensiale som til då ikkje hadde blitt utnytta på ein tilfredsstillande måte.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

Etableringa av A/S Olivin på Åheim vart på denne måten eit ledd i å sørgje for at dette potensialet skulle kome til nytte. Det statlege engasjementet i saka var ein del av det som i ettertid har blitt omtala som ein kompensatorisk næringspolitikk. Dersom utvinninga og salet av olivinstein skulle føre til at det nasjonaløkonomiske potensialet til mineralet vart fullt utnytta, var det naudsynt med drift av ein viss størrelse og omfang. Då dei etablerte private aktørane ikkje var i stand til dette, var det opp til staten å sørgje for at omfanget av utvinninga auka. Dette bringer oss over på den andre delen av oppgåva der eg viste samanhengen mellom det etablerte statlege monopolet og dei store helse-utfordringane innanfor støyperinæringa. Dersom utvinninga av olivinsteinen skulle gå føre seg i eit større omfang, var det naudsynt å auke salet av produktet. Eg viste korleis luftvegsjukdomen silikose truga både rekrutteringa og sjølve produksjonen av støypegods. Både innanfor dei offentlege helsemyndigheiter og hjå sentrale aktørar innanfor støyperinæringa var det ein interesse for å fjerne sjukdomen.

Deretter viste eg korleis olivinsteinen vart presentert som den norske løysinga på sjukdomen. Eg har funne ut at sjukdomen må ha vore ein viktig del av motivasjonen bak det statlege engasjementet i saka. Eg har vist at Statens Olivinsteinkomiteé nytta silikoseargumentet i arbeidet med å fremja produktet ovanfor støyperinæringa. Deretter viste eg korleis Statens Arbeidstilsyn i tillegg til å gje Handelsdepartementet faglege råd også aktivt fremja ei omlegging frå bruk av kvartssand til olivinsand i støyperinæringa. Eg har dermed funne ut at staten i saka hadde ei dobbeltrolle der dei både som eigar av selskapet og som ansvarleg helsemyndigheit aktivt fremja bruken av olivinsand innanfor støyperinæringa. Eg har dermed sett at det vart etablert eit statleg monopol på omsetnaden av norsk olivinstein som la til rette for ei utnytting av helserisiko i støyperinæringa som eit sals-argument. Dette fordi ein auka omsetnad av olivinstein var viktig for den statlege kompensatoriske næringspolitikken sitt ønske om å utnytte olivinsteinen sitt kommersielle potensiale.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

Litteratur- og kjeldeliste

Litteratur:

Aarøen, Magne. *Det grønne gullet; A/S Olivin i 50 år (1948-1998)*, Åheim, 1998.

Furre, Berge. *Norsk historie 1914-2000; Industrisamfunnet – frå vokstervisse til framtidstvil*, Oslo, 1999.

Stugu, Ola Svein. *Norsk historie etter 1905; Vegen mot velstandslandet*, Oslo, 2012.

Ulstein, Ragnar. *Pionertid; A/S Olivin 1948-1973*, Ålesund, 1973.

Kjelder henta frå diverse arkiv:

Arkiv: Direktoratet for arbeidstilsynet. Serie: FdB – Overlegene Arne Bruusgaards og Hans H. Tjønns arkiv. Sykdomsfremkallende innhold: Olivin, 1946-1961.

Artikkel i Bergens Arbeiderblad, 30 okt. 1947.

Brev frå det danske arbeids- og fabriktilsynet til Statens Arbeidstilsyn. Datert 12.11.1948.

Brev frå M.V.L. til Statens Arbeidstilsyn. Datert 6. april 1948.

Brev frå Sjefinspektoratet for arbeidstilsynet til Stavanger Electro-Staalverk A/S. Datert 12. mars 1948.

Brev frå Statens Olivinsteinkomiteé til M.V.L. Datert 13.01.1948.

Rapport utarbeida av Norges eksportråd. Norway produces olivine for use in steel and iron foundries, etc, 3. november 1948

Eit skriv utarbeida av M.V.L. med referanse til ein sirkulærbeskrivelse datert 6. desember. Datert 23. desember 1947.

Protokoll utarbeida av Statens Olivinsteinkomiteé. Datert 16.01.1948

Propagandatidsskriftet «Din Fremtid», nr. 10 for 1946.

Propaganda-skrift. «Nogle Betragtninger vedørerende Tilgangen på Formerlærlinge», februar 1948.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

Arkiv: Teknologibedriftenes Landsforening. Formsand: Olivinsand i stål- og jernstøp, 1948-1948. Boks: RA/PA-1700/E/L0014/0002.

Artikkel i New York Times, *Silicosis measure is signed by Dewey*, 30. mars 1947.

Brev frå M.V.L. til Herr Ingeniør J. Sissener i A/S Myrens Verksted. Datert 14. november 1945.

Brev frå sjefinspektoratet i Statens Arbeidstilsyn til M.V.L. Datert 3. februar 1947.

Statens Olivinsteinkomité. Referat får møte 3. april, Datert 4. april 1947.

Arkiv: Industrikontoret, Handels- og Industridepartementet, Saksarkiv: Olivin. Korrespondanse. Boks: RA/S-1260/D/Dr/L0001.

Brev frå professor Goldschmidt ved Statens Raastoffkomité til Hr. Statsraad G. Robertson i Handelsdepartementet, Oslo. Datert den 8. august 1927.

Arkiv: Statssekretær Drogseths arkiv – 1946-47, Statssekretæren, Statsråden. Olivin-Industridepartementet. Mappe 0.2. Olivin.

Statens Olivinsteinkomité. *Utredning i anledning stiftelse av A/S Olivin for å overta Statens olivininteresser frå det Industridepartementet den 10. og 27. september 1947 oppnevnte midlertidige styre*, Oslo, 1948

Eit notat i arkivet til statssekretær Drogseth i Industridepartementet. Datert 10.05.1947.

Aviser:

Sunnmørsposten 19. juni 1948 (Mikrofilm). *Motorfabrikkane deler råstoff og ordrar broderleg; For lite formarar i støperia. Formarfaget bør få lønspreferanse.*

Stortingspublikasjonar:

Har nytta digitaliserte versjonar.

«Kontroll med og avgift av olivinstein», Ot. prp. nr. 2. (1945-46),
https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1945-46&paid=3&wid=a&psid=DIVL414&pgid=a_0015 Besøkt: 10.05.2014.

Staten sine olivininteresser – frå forskning på Tøyen til statsdrift på Åheim

«Statens olivininteresser», St. Prp. Nr. 5. (1947), https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1947&paid=2&wid=a&psid=DIVL959&pgid=a_0365 Besøkt: 11.05.2014.

«Tilråding frå skog- og vassdragsnemda om Statens Olivininteresser» (St. prp. nr. 5.), Innst. S. nr. 138 – 1947, https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1947&paid=6&wid=a&psid=DIVL1952&pgid=a_0274 Besøkt: 11.05.2014.

Nettstadar:

«Innledende del; A/S Olivin», St.prp. nr. 1 (2003-2004), <http://www.regjeringen.no/nb/dep/nfd/dok/regpubl/stprp/20032004/stprp-nr-1-2003-2004-/10/4/9.html?id=289584> Besøkt: 10.05.2014.

Forvaltningsdatabasen. Statens Råstofflaboratorium, <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/forvaltning/enhet/2607/endringshistorie> Besøkt: 15.05.2014.

Store Norske Leksikon. Statsmonopol, <http://snl.no/statsmonopol> Besøkt: 22.05.2014.